



Trollskogen Barnehage Ikenberget Sa
Stølen 13
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3075 - 18/9659

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
04.04.2018

Svar på søknad om kompetansemidlar barnehageåret 2017/2018

Vi viser til søknad frå Trollskogen barnehage datert 03.10.2017. Barnehagen søker om kompetansemidlar i samband med opplæring av *De utrolige årene, DUÅ* i eigen barnehage barnehageåret 2017/2018. Barnehagen viser til at PPT tidlegare har hatt ansvar for opplæringa, men at det denne gongen er gjort eit unnatak. Trollskogen barnehage har ansvar for opplæringa til 25 tilsette. I søknaden viser Trollskogen barnehage til meirarbeidet dei har i høve til dei barnhagane som har fått denne opplæringa frå PPT.

Frå rådmannen si side er det viktig å få avklart kva som er skilnaden på opplæringa i Trollskogen barnehage i høve til dei andre barnehagane i kommunen som og har gjennomgått opplæringa. Trollskogen barnehage viser til at leiinga i DUÅ sentralt rår til frikjøp på 30 % i samband med opplæringa.

Rådmannen vil gje ei oversikt over ekstratimar dei to tilsette i Trollskogen barnehage har hatt / vil ha i samband med opplæringa:

- 3 kursdagar i Bergen kvar på 7,5 timar x 2 = 45
- 4 dagar rettleiing i Knarvik kvar på 2,5 timar x 2 = 20
- 2 dagar rettleiing i Bergen kvar på 7,5 timar x 2 = 30

Totalt utgjer dette 95 timar ekstraarbeid. Delar ein timane mellom styrar og pedagog og tek utgangspunkt i ei gjennomsnittsløn for desse stillingane, vil kostnadane sjå slik ut:

47,5 timar x 286 = 13 585

47,5 timar x 240 = 11 400

Kostnad totalt: kroner 24 985,-

Grunngjeving:

Innføring av *De utrolige årene, DUÅ*, i alle barnehagane, har lenge vore eit prioritert satsingsområde i Lindås kommune. Trollskogen barnehagen har barnehageåret 2017/2018 hatt ansvar for opplæringa i eigen barnehage. Samstundes har barnehagen fått opplæring og rettleiing frå universitetet i Tromsø, som er ansvarleg for programmet, og frå PPT i Lindås. Tromsø har hatt ansvar for rettleiinga av dei to «kurshaldarane», medan PPT har rettleia personalet på avdlingane. Trollskogen barnehagen har såleis fått ei kompetanseheving i heile personalgruppa.

Som det går fram i teksten over har denne satsinga ført til noko ekstararbeid for Trollskogen barnehagen. Dette ønskje rådmannen å kompensere for slik:



Trollskogen barnehage får ei økonomisk støtte på 25 000 kroner i samband med opplæring / innføring av *De utrolige årene* i eigen barnehage barnehageåret 2017/2018.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen De får dette brevet. Klagen skal stilast til den instansen som har fatta vedtaket. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga. Dei er klageinstans for enkeltvedtak fatta med heimel i barnehagelova.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trollskogen Barnehage Ikenberget Stølen 13 5911 ALVERSUND
Sa